



Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
	Utval for areal, plan og miljø	
Sakshandsamar:	Miljø og tilsyn	Tone Furustøl
Avgjerslemynde:	Arkivnr.: 21/9389	Klassering:

Klage på løyve til å byggje landbruksveg med vilkår - gbnr 178/2 Kjenes

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Klagen frå nabo i sak 21/9389, datert 21.12.2022 og sist supplert 16.05.2022, vert ikkje teke til følge.

Vedtaket av 05.12.2022 vert oppretthalden og lyder:

«Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar gjev Alver kommune Rune Fanebust løyve til å byggje omsøkt landbruksveg på gnr. 178, bnr. 2 Nystølen i Alver kommune.

Det vert sett fylgjande vilkår:

- Om det kjem fram kulturminne under arbeidet må alt arbeid stogkast og Vestland fylkeskommune, avdeling for kultur, idrett og inkludering varslast.
- Under arbeidet må ein så langt råd er, søkje å unngå skade/inngrep på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, gamle vegar/stiar, tuffer, bakkemurar og liknande.
- Vegen skal byggjast i samsvar med «Normaler for landbruksveier – med byggebeskrivelse for vegklasse 7». Avvik, slik det går fram av saksutgreiinga kan førekome.
- Vegen må byggjast i samsvar med det som kjem fram i søknaden av 20.10.2021.
- Privatrettslege tilhøve, mellom anna dei som er nemnt i saksutgreiinga som avkøyrsløyve/endra bruk av avkøyrsløve og avklaring i høve interessene til Seim skyttarlag, må avklarast før arbeidet vert sett i gong.
- Vedtaket er gyldig til 31.12.2025 Om ikkje arbeidet er sett i gong innan frist for løyvet, fell løyvet bort jf. forskrift 2015-05-26-550 om planlegging og godkjenning av landbruksvegar.
- Tiltaket må vere ferdig innan 31.12.2026.

Om ikkje arbeidet er sett i gong innan frist for løyvet, fell løyvet bort jf. landbruksvegforskrifta § 3-2.»

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar.

Utval for areal, plan og miljø 07.06.2023:

Handsaming:

Framlegg frå Sveinung Toft-V:

Klagen frå nabo i sak 21/9389, datert 21.12.2022 og sist supplert 16.05.2022, vert teken til følge. Vedtaket av 05.12.2022 knytt til løyve til å byggja landbruksveg fram til privat hytte (Nystølen) vert oppheva.

Grunngjevinga er at utval for areal, plan og miljø meiner at landbruksveg som også går fram til privat fritidseigedom (hytte) vil auka faren for uheldige situasjonar knytt til skytebanar til Seim Skyttarlag. Det vert vist til at eksisterande landbruksveg går gjennom skytefeltet til skyttarlaget, og at potensiell hyttetrafikk då vil koma i risikosona. Vidare vert det vist til at Politiet i brev av 19.12.2022 mellom anna meiner at om vegen også skal nyttast til transport av personell og materiell til og frå fritidsbustaden, kan dette medføre fare for liv og helse.

Heimel for vedtaket om å ta klagen til følge er forvaltningslova § 33, jf. forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg fekk ingen røyster og fall.

APM- 087/23 Vedtak:

Klagen frå nabo i sak 21/9389, datert 21.12.2022 og sist supplert 16.05.2022, vert teken til følge. Vedtaket av 05.12.2022 knytt til løyve til å byggja landbruksveg fram til privat hytte (Nystølen) vert oppheva.

Grunngjevinga er at utval for areal, plan og miljø meiner at landbruksveg som også går fram til privat fritidseigedom (hytte) vil auka faren for uheldige situasjonar knytt til skytebanar til Seim Skyttarlag. Det vert vist til at eksisterande landbruksveg går gjennom skytefeltet til skyttarlaget, og at potensiell hyttetrafikk då vil koma i risikosona. Vidare vert det vist til at Politiet i brev av 19.12.2022 mellom anna meiner at om vegen også skal nyttast til transport av personell og materiell til og frå fritidsbustaden, kan dette medføre fare for liv og helse.

Heimel for vedtaket om å ta klagen til følge er forvaltningslova § 33, jf. forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar

SAKSUTGREIING

Saksopplysningar

Administrativt saknr. 1375/22

Tiltak: Landbruksveg

Søknadstype: Søknad om tiltak

Eigedom: gbnr 178/2

Adresse: Vassbygdvegen 614 , 5912 Seim. Bruksnamn: Nystølen

Tiltakshavar/eigar: Rune Hans Fanebust sidan 12.05.2016

Klagar: Seim Skyttarlag v/Jan Ole Seim

Saka gjeld klage på delegert vedtak av 05.12.2022 om løyve til å bygge landbruksveg med vilkår – gbnr 178/2 Kjenes.

Vedtaket av 05.12.2022 har følgjande ordlyd:

«Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar gjev Alver kommune Rune Fanebust løyve til å byggje omsøkt landbruksveg på gnr. 178, bnr. 2 Nystølen i Alver kommune.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Om det kjem fram kulturminne under arbeidet må alt arbeid stogkast og Vestland fylkeskommune, avdeling for kultur, idrett og inkludering varslast.
- Under arbeidet må ein så langt råd er, søkje å unngå skade/inngrep på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, gamle vegar/stiar, tufter, bakkemurar og liknande.
- Vegen skal byggjast i samsvar med «Normaler for landbruksveier – med byggebeskrivelse for vegklasse 7». Avvik, slik det går fram av saksutgreiinga kan førekome.
- Vegen må byggjast i samsvar med det som kjem fram i søknaden av 20.10.2021.
- Privatrettslege tilhøve, mellom anna dei som er nemnt i saksutgreiinga som avkøyrsløyve/endra bruk av avkøyrsløye og avklaring i høve interessene til Seim skyttarlag, må avklarast før arbeidet vert sett i gong.
- Vedtaket er gyldig til 31.12.2025 Om ikkje arbeidet er sett i gong innan frist for løyvet, fell løyvet bort jf. forskrift 2015-05-26-550 om planlegging og godkjenning av landbruksvegar.
- Tiltaket må vere ferdig innan 31.12.2026.

Om ikkje arbeidet er sett i gong innan frist for løyvet, fell løyvet bort jf. landbruksvegforskrifta § 3-2.»

Landbruksvegen skal byggast som klasse 7 på gnr. 178 bnr. 2 og 3. Vegen er planlagd med 250 meter ny veg frå ein eksisterande traktorveg og fram til eit veglaust bruk. Det er opplyst i søknaden at totalarealet på eigedomen er på 140 dekar, der 110 dekar er produktivskog og 20 dekar er jordbruksareal. Det er 800 kubikkmeter med hogstmoden skog. Landbruksvegen er opplyst å vere 50 prosent skogbruk og 20 prosent jordbruk som utgjør 70 prosent landbruksinteresser. Dei resterande 30 prosent er opplyst å vere til privat hytte.

Saka har ikkje vore handsama av APM tidlegare.

Klage

Kommunen har mottatt klage frå nabo over delegert vedtak av 05.12.2022.

Kommunen har mottatt tilsvar til klagen frå tiltakshavar.

Klagerett og klagefrist

Naboar har klagerett som part i saka.

Vedtaket av 05.12.2022 er sendt ut den 06.12.2022. Klagen er datert 21.12.2022 og rettidig mottatt (innan rett tid) den 23.12.2022. Klagen er supplert med tilleggsopplysningar den 16.05.2023. Tilsvar til supplert klage er mottatt den 21.05.2023.

Vidare sakshandsaming

Om klagen ikkje vert teke til følgje, vert saka sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd så snart møtebok ligg føre, og seinast innan 2 veker etter møtedato, jf. forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier §§ 4-1 første ledd første punktum og 1-1.

Om klagen vert teke til følgje, vert vedtaket eit nytt enkeltvedtak som partane kan klaga på. Vedtaket skal ikkje sendast til Statsforvaltaren i Vestland til klagevurdering.

Uttale frå annan styresmakt

Det er mottatt uttale frå Statsforvaltaren i Vestland, datert 27.09.2022, i henhold til landbruksvegforskrifta § 3-1, jf. § 1-1:

Føremålsparagrafen i landbruksvegforskrifta seier «Formålet med denne forskriften er å sikre at planlegging og bygging av landbruksveier skjer på en måte som skal gi landbruksfaglige helhetsløsninger. Det skal samtidig legges vekt på hensynet til miljøverdier som naturmangfold, landskap, kulturminner og friluftsliv, hensynet til fare for flom, erosjon og løsmasseskred, samt andre interesser som blir berørt av veiframføringen».

I slike høyringssaker går vi ikkje detaljert inn i dei vurderingane som må gjerast i saka, dette fordi det er kommunen som er den ansvarlege førsteinstansen og som skal foreta dei konkrete vurderingane i forhold til regelverket. De kan finne ein god del informasjon på nettsidavår som kan vere nyttig, der er det bl.a. lenker til regelverket og aktuelle rundskriv.

Vi har gjort ein kort utsjekk av miljøinteressene, og så vidt vi kjenner til er det ikkje viktige naturkvalitetar eller miljøverdier som vert råka av dette veganlegget.

Det er ein del privatrettslege forhold knytt til veg frå avkøyrsla på rv. 57 og fram til eksisterande skogsveg, dette er forhold som vi ikkje tar stilling til. Vi vil likevel peike på at bruken av vegen til uttak av skog og vedlikehald av bygningar på gnr. 178 bnr. 2, og aktiviteten til skyttarlaget, burde kunne klare å tilpasse seg kvarandre slik som for eksisterande skogsveggar i området.

Elles har vi ingen merknadar til veganlegget.

Det er mottatt uttale frå Alver kommune - kulturutvikling, idrett og frivilligheit, datert 02.11.2022:

Uttalen gjeld landbruksveg gnr. 178, bnr. 2 og 3 Nystølen i Alver kommune

Ein ser at det er fleire moment å ta omsyn til i denne saka, men den omsøkte vegen vil gå gjennom eit skytefelt som vert brukt både av Seim skyttarlag og til øving av Forsvaret. Slik me ser saka er det ikkje lett å sjå føre seg utbetring av veg til privat tomt i sikkerheitssona til skytebana då dette vil kunne føre til sikkerheitsmessige utfordringar, og det vil kunne påverke aktiviteten ved anlegget.

Kart/foto

Oversiktskart – vedlagt søknaden



Tilkomst Nystølen – vedlagt søknaden – svarte piler innfor sikkerheitssone



Bilete 1 frå løyvet - synfaring på staden:



Fig. 1. Vegen startar ved eksisterande veg på fleire nabobruk, der eigarane i all hovudsak har stadfesta at det er i orden at Fanebust brukar vegen. Foto: Vestland fylkeskommune v/Berit Vik.

Bilete 2 frå løyvet - synfaring på staden:



Fig. 2. Der den omsøkte traséen tek av frå eksisterande veg (fig. 1.) lyt lina forsere ei bratt li. Her kan det vere aktuelt med avvik i høve stigningskrav for vegklasse 7.

Bilete 3 frå løyvet - synfaring på staden:



Fig. 3. Ovanfor den bratte lia er det lett terreng bort til tunet på bnr. 3. Foto: Vestland fylkeskommune v/Bert Vik.

Kart – vedlagt nabomerknad.
Veitrasé – blå piler innfor sikkerheitssone



Nystølen – utanfor sikringsone drikkevattn



Klagegrunnar og tilsvar

Det er mottatt klage med vedlegg som inkluderer skriv frå Det Frivillige Skyttervesen og skriv frå politiet, tilsvar til klagen, supplement til klagen og klagars kommentar til supplement til klagen.

Klagen er i hovudsak grunngjeve med følgjande:

Klage:

Klager på eit vedtak som vil gje økt aktivitet inn i og gjennom skytefeltet til Seim skytterlag sin bane. Dette frå ein bakanforliggende eigedom som da vil få vegutløyssning.

Forslag:

Forslag til endring er at vegen ikkje vert bygd slik som vedtaket viser, på grunn av økt aktivitet inn i tryggleiksona. Eventuelt bruke traséen som var i bruk fram til ca. 1970 talet.

Grunngjeving:

Rune Fanebust søker om å få byggje landbruksveg fram til tunet på Nystølen. Det er oppgjeve att Nystølen ikkje har vegtilkomst i dag. Slik som Rune Fanebust har søkt om må han knyte seg på en eksisterende skogsvei som går gjennom to skytefelt. Denne skogsveien vart bygd for skogsdrift og uttak av tømmer, og ikkje for anna bruk. Her er det tydeligt att ny landbruksveg skal brukast til noko anna enn berre uttak av tømmer, dvs. endring av opprinnelig bruk av vegen som først vart bygd.

For å kunne nytte landbruksvegen fullt ut må gbnr 178/2 kjøre på ein skogsbilvei som Seim skyttarlag har bygd frå riksveg 57 i Kjevikdalen. Seim skyttarlag eig eit område på ca. 6 mål som den vegen blandt anna går over. Vegen som Rune Fanebust vil knytte seg til går inn i og gjennom to skytefelt som Seim skyttarlag bruker i Kjevikdalen. Også FORSVARET bruker denne skytebana, seinast i 2022 var bana i bruk av HV i fleire veker då dei hadde øvelser der og vakt på Equinor sitt anlegg på Mongstad. All ferdsel i område var då forbudt.

Interesser for vegen er gjeve opp slik: 50% skog, 20% jordbruk og 30% privat hytte. Etter synfaring legger Alver kommune, landbruk grunn at skog interessene er noko lågare og interessene i høve til privat hytte er noko høgere enn det Rune Fanebust har oppgjeve.

Her er det snakk om vegutløysing til Nystølen, og att denne går inn i og gjennom Skytefeltet til Seim skyttarlag. Denne veg vil kunne medføre mykje større trafikk i område.

Skyttarlaget viser og til **uttalelse** frå Alver kommune Kultur: Slik kommunen ser det er det ikkje lett å sjå føre seg utbedring av veg til privat tomt i **TRYGGLEIKSONA til skytebana**. Dette då det vil føre til utfordringar i høve tryggleiken, og slik kunne påvirka aktiviteten ved anlegget.

Det frivillige skyttervesen ved DFS sin advokat. Peiker på att Seim skyttarlag har opparbeid vegen Fanebust må nytte for å kome frå fv57 og forbi skytefeltet. Vegen er å sjå på som skyttarlaget si eigedom, sjølv om den går over grunneigarar sin eigedom. Vegen går rett gjennom **tryggleiksona til skytefeltet**. Ei utviding av bruken av vegen til å gjelde kjøring til bakanforliggjande privat eigedom vil heilt klårt **gje store utfordringar i høve tryggleiken** i område og kan vanskeleg gå i hop med drift av skytebana.

Seim skyttarlag viser og til skriv frå POLITIET ved Politistasjonssjef Kjell-Idar Vangberg og saksbehandlar Politioverbetjent Kurt Inge Hordvik. Politiet vil **fraråde** at en slik tilkomst går gjennom skytefeltet, som beskrevet i vedtaket. Sjå vedlegg Politiet datert 19.12.2022.

Seim skyttarlag vil **IKKJE** gje løyve til økt aktivitet inn i og gjennom skytefeltet til bana frå ein bakanforliggjande eigedom som vil ha vegutløysing til sin eigedom.

Skriv frå Det Frivillige Skyttervesen, datert 03.11.2021, vedlegg til søknaden:

Hans Rune Fanebust søker om å få bygge 150 m lang landsbruksvei i forlengelsen av vei som går fra riksveien og frem til og forbi skytebanen.

Skytterlaget kjøpte grunn til skytebanen i 1987. Samtidig ble det inngått en avtale der skytterlaget fikk rett til å bygge vei over grunneiernes eiendom «frå riksvegen fram til området og vidare over dette og nord til «lona» om lang slik som vist på vedlagte kart. Vegrettenm går heilt nord til påtenkt brystad om lag 200 m frå standplass.

I avtalens pkt 5 c er det bestemt at grunneierne skal ha fri bruksrett til den veien skytterlaget opparbeider, utan vedlikeholdsplikt.

Den veien skytterlaget har opparbeidet, er å betrakte som skytterlagets eiendom, selv om den til dels går over grunneiernes eiendommer. Det er en privat vei og Fanebust har derfor ikke rett til å bruke denne veien uten skytterlagets samtykke.

Kartet viser at veien går nordover og deretter i en sving sørøst tvers over skytebanen før den svinger i østlig retning og ender ved 200 m nedslagsfelt. Veien går altså tvers over sikkerhetssonen.

Grunneiernes bruk av veien er etter det opplyste begrenset, og blir tilpasset bruken av skytebanen. En utvidelse av bruken av veien til å omfatte kjøring til bakenforliggende privat eiendomm vil åpenbart medføre sikkerhetsmessige utfordringer og kan vanskelig forenes med drift av skytebanen.

Vi ser derfor ingen grunn til at det skal gis offentlig tillatelse til å bygge den omsøkte veien.

Skriv frå politiet, datert 19.12.2022, vedlegg til klagen:

Politiet er gjort kjent med at Rune Fanebust har fått løyve til å bygge landbruksveg med byggebeskrivelse – vegklasse 7. Politiet er også kjent med at deler av denne landbruksvegen går gjennom skytefeltet til Seim Skyttarlag sitt anlegg i Kjevikdalen.

Slik søknaden er formulert, og løyvet er gitt – er politiet bekymret for hvordan bruken av veien vil bli i framtiden. Blir en slik vei brukt til transport av personell og materiell, til og fra fritidsbolig, i skytefeltet - kan dette medføre fare for liv og helse. Ved opparbeidelse av en slik vei, vil det også være en risiko for at veien vil bli benyttet til almen ferdsel.

Både politi og kommune har i sin tid gitt løyve for bruk av skytebanen, og en viser til "Forskrift om anlegg av, kontroll og godkjennelse av sivile skytebaner av 1. juli 1988". En viser til sikkerhetsbestemmelsene i forskriften, som beskriver bruken av anlegget.

Politiet vil fraråde at en slik tilkomst går gjennom skytefeltet, som beskrevet i vedtaket.

Våpenforskrifta og skytebaner

Kommunedirektøren presiserer at gjeldande forskrift for skytebaner er «Forskrift om våpen, skytevåpen, våpendelar og ammunisjon» (våpenforskrifta) med ikrafttreden 01.06.2021.

Våpenforskrifta oppheva «Forskrift om anlegg av, kontroll med og godkjenning av sivile skytebaner» med ikrafttreden 01.07.1988. Politiets henvisning til oppheva forskrift beror på en inkurie (openbar feil).

Frå kapittel 8 om skytebaner i våpenforskrifta med ikrafttreden 01.06.2021:

Kapittel 8. Godkjenning av skytebaner, godkjenning av våpenorganisasjonar og teknisk program

Godkjenning av skytebaner

§ 8-1. Definisjon av skytebane

Med skytebane reknast i dette kapitelet eit område som nyttast til organisert skyting under ansvarleg skyteleiing. Farleg område kring ei skytebane reknast som ein del av skytebana.

§ 8-2. Tekniske krav til skytebane og kontroll

Skytebaner skal oppfylle krava til tryggleik som er fastsett av Politidirektoratet, samt andre offentlege krav.

Politiet fører kontroll med sivile skytebaner, og kan gje forbod mot bruk av skytebaner som ikkje oppfyller dei tekniske krava etter første ledd eller ved brot på baneinstruksen.

§ 8-3. Krav til godkjenning av skytebane m.m.

Planer for nyanlegg, ombygging eller utviding av skytebane må vere godkjent av politiet før arbeidet setjast i gang. Det same gjeld for ferdigbygde skytebaner før dei takast i bruk.

Organisert skyting utanfor godkjente skytebaner må på førehand vere godkjent av politiet.

§ 8-4. Krav til eigar av skytebaner

Eigar av skytebane skal halde skytebana i forsvarleg stand og skal føre kontroll av anlegget minst ein gang i året. Eigar skal dokumentere kontrollen av skytebaner på fastsett skjema.

Eigar av skytebane eller skytefelt skal gje instruks for skytebana. Instruksen skal først på fastsett skjema og må vere godkjent av politiet før skytebanen takast i bruk.

Eigar av skytebane skal trygge at instruksen er kjent og at den vert følgt av dei som brukar skytebana.

§ 8-5. Reglar om fritak m.m.

Politiet kan gje fritak frå reglane i [§ 8-3](#) og [§ 8-4](#) for ei tidsavgrensa periode, om det ligg føre særskilte forhold og ikkje tryggleiksmessige forhold talar mot det.

Politiet kan sette særskilte vilkår for godkjenning av skytebaner om tryggingmessige forhold gjer det naudsynt.

Det vert vist til klagen i sin heilskap som følgjer vedlagt.

Tilsvaret til klagen er i hovudsak grunngjeve med følgjande:

2. Kvifor treng vi veg

- a) Nystølen har vore i familiens eige sidan 1845. Bygningane og innmark er i dårleg stand og treng vedlikehald. Det er endå ikkje bestemt korleis Nystølen skal bli, men familien har eit langsiktig perspektiv. Ein landbruksveg er nødvendig for å kunna ta vare på kulturarven.
- b) I 2022 har AT Skog i samarbeid med Alver kommune utarbeidd skogbruksplan for Nystølen. Denne viser at det er mykje skog som er hogstmoden. Dette gjeld også for andre grunneigarar som vil ha nytte av vegen for uttak av skog og ved.

3. Kvar kan vegen gå

Det er to alternativ:

- a) Det første er å forlengje eksisterande skogsveg fram til Nystølen slik det er gitt løyve til av Alver kommune.
- b) Det andre er veg forbi gnbr 178/3 og vidare til Nystølen. Dette alternativet er forkasta etter synfaring 14.07.22 fordi det «vil vere inngripande på innmarka til bnr 3» og «lange og dels intakte steingardar vil verte råka av vegframføring».

4. Forhold til grunneigarar

- a) Eksisterande landbruksveg blei laga av grunneigarar då skytebana blei laga og vegen frå Rv 57 og forbi skytebana er ein del av denne vegen. Vi ser at det ikkje er ideelt å ha veg gjennom eit skytefelt - men:
- b) Vegen går alt gjennom skytebana og vi kjem til å innretta bruk etter avtale med grunneigarar inklusiv Seim Skyttarlag. Reglar for ferdsel i området rundt skytebana vil sjølvstundt bli respektert.
- c) Det er periodar på dagar og månader at det ikkje er skyting. Det er naturleg å leggje transport av material og utstyr til desse tidspunkta.
- d) Seim Skyttarlag uroar seg for at det skal bli «mykje større trafikk» i området dersom min familie får adgang til Nystølen via eksisterande skogsvei. Dette er ein påstand som må stå for skytterlaget si rekning Sidan vegen frå RV 57 og forbi skytebana vil vere uendra.

Konklusjon

Seim Skyttarlag fekk etablert skytebane og anlegg i Kjevikdalen etter velvilje og samarbeid med grunneigarane i området. Me har også møtt stor velvilje frå grunneigarane på spørsmål om å få utbetre og nytta eksisterande skogsveg. All sameksistens krev partar som finn løysingar slik det står i kommentar frå statsforvaltaren i Vestland: *«Vi vil likevel peike på at bruken av vegen til uttak av skog og vedlikehald av bygningar på gnr. 178, bnr. 2, og aktiviteten til skyttarlaget, burde kunne klare å tilpasse seg kvarandre slik som for eksisteranse skogsvegar i området».*

Sidan vi og er grunneigarar i området med ein omlag 200 år gammal veglaus gard, Nystølen, ber vi kommunen om å oppretthalde sitt vedtak frå 05.12.22 som gjev Rune Fanebust «løyve til å byggje omsøkt landbruksveg på gnr.178, bnr. 2 Nystølen i Alver Kommune»

Det vert vist til tilsvaret i sin heilskap som følgjer vedlagt.

Supplement til klagen er i hovudsak grunngeve med følgjande:

Viser til tlf samtale i dag og oversender som avtalt tinglyst dokument fra jordskifteretten i 1957. Her står det at «samme bruksrett til vei har alle eierne i gnr. 90»
Gnr: 178 var i 1957 gnr: 90. Derfor ligger dette dokumentet på gnr: 178 bnr: 2

Alver kommune har etter vårt syn plikt til å gjere ei grundig utredning og vurdere alle relevante forhold, samt lov og forskrifter, som er relevante for saka.

Seim skyttarlag mener at følgjende ikke har blitt vurdert i saksbehandling:

1. Seim skyttarlag har i etterkant av innsendt klage funne tinglyste dokumentasjon på gnr: 178 bnr: 2 som omhandler veirett.
2. Justisdepartementets forskrifter om anlegg av, kontroll med og godkjenning av sivile, skytebaner, gitt i medhold av lov om skytevåpen og ammunisjon §28, jfr kongelig resolusjon 25/1 1963 del II pkt 13.....jfr Justisdepartementets rundskriv av 1. juli 1988.

Seim skyttarlag mener at saken må vurderes på nytt i lys av disse to nevnte punktene, samt innsendt klage med vedlegg.

Det vert vist til supplement til klagen i sin heilskap som følgjer vedlagt.

Klagars kommentar til supplement til klagen er i hovudsak grunngeve med følgjande:

Seim Skyttarlag har har kome med nye opplysningar i klage til Alver kommune.

1. Tinglyst dokumentasjon om veirett frå 1957.
 - a) Dokumentet stadfester at gbnr 178/3 og gbnr 178/2 har rett til å bruka vegen på Leivestad som går frå Vassbygdvegen og ned til Storavatnet ved Søgardsneset. For å koma til Nystølen må ein derifrå over Storavatnet og opp ein smal og bratt sti. Dette var ein tilkomst som blei brukt i gamle dagar, men ikkje etter at Kjenesbrua kom rundt 1960. Denne tilkomsten kan IKKJE nyttast som landbruksveg.
 - b) Storavatnet har frå rundt 1980 også blitt drikkevatt for Alver kommune som inneber restriksjonar for ferdsel.
2. Henvising til Justisdepartementets forskrifter om anlegg av, kontroll med og godkjenning av sivile skytebaner gitt i kongelig resolusjon 25.01.1963 - jfr. Justisdepartementets rundskriv av 1. juli 1988.

Seim Skyttarlag viser til desse forskriftene som gjer greie for krav og plikter ein har ved å drive ei sivil skytebane. Av forskriftene går det fram at skyttarlaget har ansvaret for sikkerheten. Andre som ferdes i området må rette seg etter dette regelverket.

Vi ser ikkje at den omsøkte bruk av allerede eksisterande veg gjennom området skal utgjera nokon sikkerhetsrisiko når både vi og Seim Skyttarlag fylgjer lovpålagte reglar med varslingslister, fjerning av vegetasjon mm.

Vi minner på nytt om at omsøkt landbruksveg til Nystølen kun gjeld ein forlengelse av eksisterande landbruksveg og ikkje fører til endringar ved skytebanane.

Det vert vist til klagars kommentar til supplement til klagen i sin heilskap som følgjer vedlagt.

VURDERING

Kommunedirektøren viser til vurderinga som vart gjort ved handsaminga av søknaden og legg denne til grunn. Det vart gjort følgjande vurdering:

«Føremålet med forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveggar er å sikre at slike veggar gjev landbruksfaglege heilskapsløysingar. Det skal samstundes leggjast vekt på omsynet til miljøverdiar som naturmangfald, landskap, kulturminne og friluftsliv, omsynet til fare for flaum, erosjon og lausmasseskred og eventuelt andre interesser som vert råka av vegframføringa.

Vegen vil i denne saka tene både skog- og jordbruksføremål og er såleis i tråd med nemnte forskrift.

Kommunen har mellom anna sjekka areala i Naturbase, gardskart og Artsdatabanken. Det er ikkje gjort funn i naturbasen, medan det i artsdatabasen ligg inne ein observasjon på grønspeitt i 2011. Dette gjeld nær tunet på garden.

I samband med vår vurdering vart det òg sett på alternativ vegtilkomst via gnr. 178, bnr. 3 Kjenes. Tilkomst her vil vere inngripande på innmarka til bnr. 3. I dette området og fram til tunet på bnr. 2, er det òg lange og dels intakte steingardar som òg vil verte råka av ei vegframføring. Alternativet over bnr. 3 vart såleis lagt bort etter synfaring 14.07.22.

Saka vart sendt på høyring til Statsforvaltaren, Vestland fylkeskommune og Alver kommune, kultur for uttale.

Alver kommune, kultur svarar slik: Slik kommunen ser det, er det ikkje lett å sjå føre seg utbetring av veg til privat tomt i tryggleikssona til skytebane. Dette då det vil føre til utfordringar i høve tryggleiken og slik vil kunne påverke aktiviteten ved anlegget. Kommunen v/kultur har ikkje kome med merknadar utover dette.

Statsforvaltaren i Vestland har ikkje merknader til søknaden, men peikar på at «*det er ein del privatrettslege forhold knytt til veg frå avkøyrsla på rv 57 og fram til eksisterande skogsveg, dette er forhold vi ikkje tek stilling til. Vi vil likevel peike på at bruken av vegen til uttak av skog og vedlikehald av bygningar på gnr. 178, bnr. 2, og aktiviteten til skyttarlaget, burde kunne klare å tilpasse seg kvarandre slik som for eksisterande skogsveggar i området.*»

Saman med fylkeskommunen v/seksjon for kultur, idrett og inkludering vart det halde ei eiga synfaring 26.10.2022. Til stades var òg Seim skyttarlag v/Jan Ove Seim representert.

Fylkeskommunen har i e-post dagsett 08.11.22 kome med ei førebels attendemelding der et går fram at om det vert bygd veg, må ein unngå å øydeleggje steingardar, bakkemurar og liknande. Vi vart òg lova ytterlegare attendemelding innan veke 48, men har ikkje høyrte noko.

Slike søknadar skal vurderast etter naturmangfaldslova §§ 8-12 jf. § 7. Ut frå det som kjem fram ovanfor finn vi at kravet om kunnskapsgrunnlaget i naturmangfaldslova § 8 er godt nok til å fatte vedtak. Vidare er «føre-van» prinsippet teke i vare med det kunnskapsgrunnlaget som ligg føre, slik intensjonane i naturmangfaldslova § 9 føreset. Vi kan heller ikkje sjå at den samla byrda for økosystemet er nemneverdig lidande jf. naturmangfaldslova § 10. Vegen er avgrensa i omfang og gjev heller ikkje, etter kommunen sitt syn, nemneverdige ulemper og gjev slik sett best mogleg lokalisering jf. naturmangfaldslova §§ 11 og 12.

Søklar har varsla naboar i saka. Dei fleste har ingen merknadar til søknaden for sine eigedomar, men nokre tek atterhald om at greitt for dei, så lenge det er greitt for andre. Ein nabo peikar konkret på at det er Seim skyttarlag som har laga den vegen som omsøkt veg skal starte frå. Vedkomande er slik sett usikker på prosjektet.

Seim Skyttarlag ynskjer ikkje at vegen skal byggjast.

Seim skyttarlag peikar på at avkøyrsløyve frå fv. 57 gjeve i 06.09.1983 av Staten vegvesen gjeld berre til skytebana og skogavkøyrsløye. I dette tilfellet vil det verte meir privat bruk. Godkjenning/endra bruk av avkøyrsløye er sett på som eit privatrettsleg tilhøve som søkjar sjølv må syte for å ha i orden før vegarbeidet kan starte opp.

Skyttarlaget har presisert at dei ynskjer at Nystølen får vegtilkomst, men kan ikkje akseptere at den går mellom skyttarhuset og 100m standplass og i nedslagsfeltet til 100m grav. Den går òg mellom 200m standplass og 200m grav. Skyttarlaget set seg i mot ein utvida bruk midt i eit skytefelt då dette vil ha store, negative konsekvensar for bruken av skytebana. Dette er òg eit privatrettsleg tilhøve som kommunen ikkje kan ta stilling til.

Det frivillige Skyttervesen har òg engasjert seg i saka. Dei peikar på at skyttarlaget har opparbeidd vegen Fanebust må nytte for å kome frå fv 57 og forbi skytefeltet. Vegen er å sjå på som skyttarlaget sin eigedom, sjølv om den går over grunneigarar sin eigedom. Vegen går rett gjennom tryggleikssona til skytefeltet. Ei utviding av bruken av vegen til å gjelde køyring til bakanforliggjande privat eigedom, vil heilt klårt gje utfordringar i høve tryggleiken i området og kan vanskeleg gå i hop med drift av skytebana.

Søkjar har etterlyst ein plan for skyting i området slik at han kan tilpasse seg dette.

Dei privatrettslege spørsmåla, som altså ligg utanfor kommunen sitt mynde å ta stilling til, lyt løysast for vegen kan godkjennast. Dette vert sett som vilkår i vedtaket. Jordskifteretten kan t.d. hjelpe til med dette.»

Uttale frå landbruk i klageomgangen

Det er mottatt uttale frå avdeling landbruk til klagen:

«05.12. 2022 vedtok Alver kommune at Hans Rune Fanebust kunne få byggje veg til gnr. 178, bnr. 2 Nystølen. Dette vedtaket er klaga på av Seim Skyttarlag den 21.12.2022.

Klagen er grunngjeven med at vedtaket legg opp til auka aktivitet inn og ut gjennom skytefeltet til Seim Skyttarlag si bane.

Utdjupande grunngjeving i klagen:

Innleiingsvis i klagen foreslår skyttarlaget at vegen ikkje vert bygd slik vedtaket syner og at ein eventuelt kan nytte trasé som var i bruk fram til 90-talet.

Trasévalet Fanestøl har søkt vegen lagt til, gjer at vegen må knytast til ein eksisterande skogsveg som går gjennom to skytefelt. Skogsvegen her vart bygd i si tid bygd for skogsdrift og uttak av tømmer. I dette tilfellet peikar klagar på at det er tydeleg at ny landbruksveg skal nyttast til «noko anna enn berre tømmer».

For å kunne nytte landbruksvegen fullt ut, må gnr. 178, bnr. 2 køyre på ein bilveg som Seim Skyttarlag frå fv 57 i Kjevikdalen. Skyttarlaget eig eit område på om lag 6 daa som vegen mellom anna går på. Vegen som Fanebust vil knyte seg til går inn i og gjennom to skytefelt som både Seim Skyttarlag og Forsvaret nyttar. I 2022 brukte Forsvaret bana i fleire veker og all ferdsel i området var då forbode.

Då det er snakk om vegutløysing til Nystølen som i dag ikkje har veg, vil den nye vegen opne opp for mykje større trafikk kring skytefeltet samanlikna med situasjonen i dag.

Seim Skyttarlag syner òg til fråsegn frå Alver kommune kultur: «Slik kommunen ser det er det ikkje lett å sjå føre seg utbedring av veg til privat tomt i TRYGGLEIKSSONA til skytebana. Dette då det vil føre til utfordringar i høve tryggleiken, og slik kunne påverke aktiviteten til anlegget.»

Vegen forbi skytefeltet er å sjå på skyttarlaget sin eigedom, sjølv om den går over grunneigarar sin eigedom. Ei utviding av vegen til å gjelde køyring til bakanforliggjande

privat eigedom vil heilt klårt **gje store utfordringar i høve tryggleiken** i området og kan vanskeleg gå i hop med drift av skytebana. Seim skyttarlag syner òg til skriv frå POLITIET der dei rår frå at ein slik tilkomst går gjennom skytefeltet. Skriv om dette er lagt ved klagen.

Oppsummering av klage:

Seim Skyttarlag vil ikkje gje løyve til auka aktivitet inn i og gjennom skytefeltet til bana frå ein bakanforliggjande eigedom som vil ha vegutløyving til sin eigedom. Skyttarlaget klagar med det på vedtaket.

Alver kommune, landbruk sine merknader til klagen.

Alver kommune v/landbruk har vore på to synfaringar. Ein gong saman med søkjar og representant for skyttarlaget og seinare saman med Vestland fylkeskommune v/kultur og Alver kommune v/kulturavdelinga, representant for skyttarlaget og tiltakshavar (søkjar).

Den nye vegen tren tilkomst over andre eigedomar. Søkjar har varsla desse og dei fleste hadde ikkje merknader eller dei stilte seg positive til veganlegget det er søkt om. Berre Seim skyttarlag har ytra seg negativt om dette. Alver kommune har slik sett ikkje funne grunnlag i forskrifta for avslå søknaden.

Men i vårt vedtak av 05.12.2022 var eitt av vilkåra vi sette slik:

«Privatrettslege tilhøve, mellom anna dei som er nemnt i saksutgreiinga som avkøyrsløyve/endra bruk av avkøyrsløve og avklaring i høve interessene til Seim skyttarlag, må avklarast før arbeidet vert sett i gong.»

Alver kommune meiner at med dette vilkåret er interessene til Seim skyttarlag teke i vare. Dette då om ein ikkje kjem fram til semje som nemnt i vilkåret, kan heller ikkje vegen byggjast.

Oppsummering:

Vi meiner at det som er klaga på av Seim skyttarlag, er teke omsyn til i vedtaket.»

Vurdering i klageomgangen

Innleiingsvis vert det vist til at kommunen v/klageavdelinga Miljø og tilsyn, avdeling Plan- og Byggesak samt avdeling Landbruk har hatt eit felles møte vedrørande klagesaka. Resultatet av møtet var at vi ikkje finn at klagen bringer noko nytt til saka.

Løyvet er gjeve då søknaden oppfyller kriteriane for å kunne godkjenne landbruksveg etter landbruksvegforskrifta forutan to forhold. Det første er at avkøyrsløyve/endra bruk av avkøyrsløve etter veglova §§ 40-43 for landbruksvegskiljet skal vere godkjent på førehand, jf. landbruksvegforskrifta § 2-2 andre ledd. Det andre er ein føresetnad om at interessene til Seim skyttarlag skal vere avklart.

I vår sak er det satt som vilkår i løyvet at avkøyrsløyve/endra bruk av avkøyrsløve skal vere avklart før arbeidet med landbruksvegen settast i gang. Avkøyrsløve skal imidlertid vere avklart på «forhånd» etter landbruksvegforskrifta § 2-2 andre ledd. På «førehand» må lesast i samanheng med § 2-2 første ledd om vurdering av konsekvensutredning «før vedtak fattes». Vedtak vil i vår sak vere løyve til byggje landbruksvegen med vilkår. Avkøyrsløyve/endra bruk av avkøyrsløve skulle da ha vore avklart før løyve vart gjeve, men er i vår sak satt som vilkår. Kommunen har adgang til å sette vilkår for å avbøte dei manglar eit løyve har og for å sikre krav til løyvet.

I klageomgangen er det lagt til grunn at det vil vere tilstrekkeleg å sette vilkår i løyvet om avklaring av avkøyrsløyve/endra bruk av avkøyrsløve før arbeidet med landbruksvegen settast i gang.

Vidare er det satt som vilkår i løyvet at avklaring i høve interessene til Seim skyttarlag skal vere på plass før arbeidet med landbruksvegen settast i gang. Dette vilkåret har ikkje eigen heimel i lov eller forskrift. Vilkåret bygger på ein føresetnad om at privatrettslege forhold, slik som bruksrett til annan manns veg, må vere avklart før ein kan bruke denne vegen.

I klageomgangen er det lagt til grunn at det vil vere tilstrekkeleg å sette vilkår i løyvet om avklaring av interessene til Seim skyttarlag før arbeidet med landbruksvegen settast i gang. Slik Landbruk viser til, så kan ikkje vegen byggast før partane vert einige eller så må Jordskifteretten involverast for ei avgjerd.

I høve klagars påstand om tinglyst rett frå 1957 til gbnr 178/2, om alternativ tilkomstveg, så er det svart ut av tiltakshavar at denne vegretten ikkje kan nyttast som tilkomstveg. Vegretten kan etter tiltakshavars oppfatning ikkje realiserast i praksis,

Kommunedirektøren viser til at alternativ vegtrasè kan vere eit moment ved søknad, så fremt den kan la seg realisere både med løyve og naudsynpte private rettar. I klageomgangen vil objektet for klage vere den omsøkte landbruksvegen med tilhøyrande vilkår. Alternativ vegtrasè vil i klageomgangen kun vere eit moment som kan styrke eller svekke klagen på landbruksvegen.

APM skal i klageomgangen vurdere den landbruksveg som er omsøkt og løyve med vilkår som er gjeve. Samtidig kan APM kommentere alternativ vegtrasè og kva betydning den kan ha for saka. Dette sørgjer for at saka er så godt opplyst som mogleg, jf. forvaltningslova (fvl.) § 17.

I høve våpenforskrifta og krav til skytebaner, så er politiet klar på at dei fråråder omsøkt landbruksveg då den skal gå gjennom skytefeltet. Politiet sin uttale veg tungt og skal vektleggast. Samtidig viser vi til Statsforvaltaren si uttale som oppfordrar til dialog mellom partane, der «bruken av vegen til uttak av skog og vedlikehald av bygningar på gnr. 178 bnr. 2, og aktiviteten til skyttarlaget, burde kunne klare å tilpasse seg kvarandre slik som for eksisterande skogsvegar i området.»

Konklusjon

Det er kommunedirektøren si vurdering at det ikkje har komen fram nye opplysningar i klagesaka som tilseier at klagen skal takast til følgje og vedtaket gjerast om.

På denne bakgrunn rår kommunedirektøren til at klagen ikkje vert tatt til følgje.

Aktuelt regelverk

1. Den som er part eller som har rettsleg klageinteresse har rett til å klage over vedtaket, jf. forvaltningslovens § 28.
2. Klagefristen er tre veker frå den dag underretninga om vedtaket kom frem til parten. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristens utløp. Dersom klagen kjem inn etter fristens utløp, vil den bli avvist. Klagen kan likevel tas under behandling når det ligg føre særlege grunner eller klager ikkje kan lastast for forseinkinga, jf. forvaltningslovens §§ 29, 30 og 31.
3. Dersom ein part meiner at vedtaket ikkje er grunngjeven, kan det settast frem krav om dette innan klagefristen utløp, jf. forvaltningslovens §§ 24 og 25.
4. Klagen må nemne det vedtaket det klagast over, kva som ønskes endra og vere underteikna av klagaren eller hans fullmektig. Klagen bør grunngjevast, jf. forvaltningslovens § 32.
5. Vedtaket kan gjennomførast sjølv om det er påklaga. Klager kan likevel be om å få utsatt iverksettinga av vedtaket, inntil klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Statsforvaltaren kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsatt iverksetting av vedtaket, jf. forvaltningslovens § 42.
6. Med visse begrensningar har partane rett til å sjå dokumentane i saka, jf. forvaltningslovens § 11.

7. Kommunen vil kunne gje nødvendig veiledning for at alle partar skal kunne ivareta sine interesser på best mogleg måte, jf. forvaltningslovens § 11.
8. Kommunen sin frist for å saksførebu klagesaka for klageorganet er 8 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 c.
9. Der Statsforvaltaren i Vestland er klagar, vert klagesaka vidaresendt til departementet for oppnemning av setjestatsforvaltar. Sakshandsamingsfrist for oppnemning av setjestatsforvaltar er 6 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 e.
10. Der vedtaket er endra til gunst for klager i klagesaken, er det adgang til å kreve dekning for nødvendige og vesentlige kostnader til advokat eller utgifter til annen juridisk bistand. Kravet må vere framsett innan tre veker etter at underretning om det nye vedtaket er kome frem til klager, jf. forvaltningslovens § 36.
11. Søksmål om gyldigheten av vedtaket, eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, kan ikkje reisast utan at ein har brukt sin adgang til å klage på vedtaket og klagen er avgjort av høgste klageinstans. Søksmål kan likevel reisast når det er gått 6 månader frå klage fyrste gang ble framsett og det ikkje skyldast forsømmelse frå klagars side at klageinstansens avgjerd ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost